

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
097/18	Formannskapet	PS	18.10.2018
076/18	Kommunestyret	PS	01.11.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ketil Mikkelsen	18/912

Overtaking Sævråsvåg kai

Vedlegg :

Vedtak - sal av nedlagte ferjekaier (335299)Brev Lindås Kommune - Sævråsvåg kai (394306)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Lindås kommune overtek Sævråsvåg kai med dagens tilstand kostnadsfritt frå Hordaland Fylkeskommune.
2. Kostnader som vedkjem overføringa vert dekke av Lindås kommune.
3. Rådmannen etablerer utleigeavtale med Eide Fjordbruk basert på vurderingar som er gjort her i saka.

.....

Formannskapet - 097/18

FO - behandling:

Fellesframlegg ved S.Toft-V:

Rådmannen sitt framlegg med endring i pkt 3 og nytt pkt 4

3.Rådmannen etablerer **midlertidig** utleigeavtale med Eide Fjordbruk basert på vurderingar som er gjort her i saka.

4.Kommunen sin framtidige bruk av kaiområdet skal drøftast i eiga politisk sak i 2019.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

1. Lindås kommune overtek Sævråsvåg kai med dagens tilstand kostnadsfritt frå Hordaland Fylkeskommune.

2. Kostnader som vedkjem overføringa vert dekke av Lindås kommune.
3. Rådmannen etablerer midlertidig utleigeavtale med Eide Fjordbruk basert på vurderingar som er gjort her i saka.
4. Kommunen sin framtidige bruk av kaiområdet skal drøftast i eiga politisk sak i 2019.

.....

Kommunestyret - 076/18

KO - behandling:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

1. Lindås kommune overtek Sævråsvåg kai med dagens tilstand kostnadsfritt frå Hordaland Fylkeskommune.
2. Kostnader som vedkjem overføringa vert dekke av Lindås kommune.
3. Rådmannen etablerer midlertidig utleigeavtale med Eide Fjordbruk basert på vurderingar som er gjort her i saka.
4. Kommunen sin framtidige bruk av kaiområdet skal drøftast i eiga politisk sak i 2019.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Formannskapet

Bakgrunn

Statens Vegvesen, på vegne av Hordaland fylkeskommune, ønskjer å avhende den gamle ferjekaia i Sævråsvåg. Inntekter frå sal av nedlagde fylkeskommunale ferjekaier skal nyttast til miljø- og trafikksikringstiltak på riks- og fylkesvegar innan kommunen der ferjekaia ligg, jmf. Fylkeskommunalt vedtak – Arkivsak 2000026-12-2 (vedlagt).

Då vegen til kaia skal oppretthaldast som offentleg veg, har Lindås kommune førsterett til å kjøpe/overta. Kaia kan overtakast vederlagsfritt, under føresetnad av at inntektene frå framtidig videresal skal nyttast til miljø- og trafikksikringstiltak på riks- og fylkesvegar i kommunen.

Eide Fjordbruk leiger i dag store delar av kaiarealet, til årleg sum a kr 19.700,-. Avtalen

mellom Statens vegvesen og Eide fjordbruk går frå 2014 til 01.02.2019. Eide fjordbruk ønskjer primært å kjøpe heile kaia, alternativt deler av ho. Om kommunen overtar kaia, er dei interessert i å få på plass langtids leigeavtale med Lindås kommune (vedlagt brev).

Vurdering

Vegavdelinga ser stor samfunnmessig verdi i Sævråsvåg kai grunna:

- Viktig laste og losse kai for austre delar av Lindåshalvøya
- Djupvasskai
- Kaiområde med 10 tonns akseltryk
- Potensiale som beredskapskai
- Naturleg objekt i samband med planlagt overtaking av delar av Fv396
- Viktig tilgang til sjø for allmenta

Vegavdelinga har fått gjennomført 3. parts inspeksjon av kaikonstruksjonen. Konklusjonen seier: **«Ingen avvik av betydning, kaikonstruksjonen har mange år igjen som kai med stor lastekapasitet. Det er noen mindre lokale skader, som forholdsvis enkelt kan gjøres noe med.»**

Vegavdelinga rår til at kommunen overtek kaia, og inngår langtids leigeavtale med Eide Fjordbruk.

Om Lindås kommune overtek Sævråsvåg kai, vil det føre med seg noko årlege driftsutgifter for kaia. Faste årlege kostnader vil i stor grad være relatert til inspeksjon og vinterdrift. Årlege leigeinntekter vil dekke desse utgiftene.

.....